



IEC-HUS AS
Smålonane 2
5353 STRAUME

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2893 - 17/24604

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
01.09.2017

Mellombels bruksløyve bustad - gbnr 194/39 og 51 Mundal nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 399/17

Tiltakshavar: Jan P. Løkkebø Samuelsen og Merethe C. Hagewick-Samuelsen
Ansvarleg søkjar: IEC-HUS AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka frå 18.11.2015.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at einebustad kan takast i bruk.

Følgjande dokumentasjon manglar:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.

Slik dokumentasjon ble også etterlyst i avslag om ferdigattest datert 10.02.2017.

Løyve til avkjørsle frå kommunal veg er stetta. Når det gjeld **privat veg** er det ikkje gjort greie for at siktlinjer er ivaretatt, til dømes er ein hekk langs privat veg til hinder for fri sikt.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Det vert elles vist til søknad om ferdigattest motteken 03.08.2017.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at søknaden ikkje tilfredsstillar krav til ferdigattest, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Hopsdalsvegen 16
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	300551876
Bruksareal:	221m ²
Vatn:	Privat vassforsyning (borehull)
Avlaup:	Privat avlaupsanlegg



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for einebustad på gbnr gbnr 194/39 og 51 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld einebustad.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.10.2017.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest.

Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2893

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

IEC-HUS AS, Jan P. Løkkebø Samuelsen og Merethe C. Hagewick-Samuelsen	Smålonane 2	5353	STRAUME
Jan P. Løkkebø Samuelsen og Merethe C. Hagewick-Samuelsen	Storneset 8	5915	HJELMÅS